

## Tertnes videregående skole

## Tal elevar skuleåret 2016/17

**1.0 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring****Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

**1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag**

2015/16	81,9 %
2016/17	86,5 %

**1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen**

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	11,1 %	13,2 %
	2016/17	7,0 %	5,3 %
Termin 2/standpunkt	2015/16	8,1 %	5,5 %
	2016/17	7,0 %	5,0 %
Eksamen	2015/16	8,5 %	
	2016/17	4,3 %	

**1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17**

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	40
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	49

*Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?*

På Vg3 har 82 % av elevane fullført og bestått mot 73 % i 2015-2016. På Sal, service og tryggleik har 79 % av elevane fullført og bestått mot 63 % i fjor.

Som tala ovanfor viser, har ein høgre andel av elevane fullført samanlikna med tidlegare år. Færre elevar har fått IV og karakteren 1 i T1, S/T2 og E. Når fråværet går ned og elevane er meir til stades både i undervisingstida og i evalueringssituasjonar, bør det vere nærliggande å tru at læringsutbyttet blir høgre. Tilbakemeldingar frå lærarane er at læringsmiljøet har vorte betre og undervisinga fungerer betre når elevane er meir til stades.

*Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?*

Fråvær har vore tema i fellestid fleire gonger i løpet av året, òg rett etter 1. termin og i slutten av april. Elevtenesta har hatt møte med elevar som har hatt negative karakterar og IV etter 1. første termin og i april/mai. Elevtenesta har følgd opp om lag 20 elevar ekstra i denne perioden. Dei har i samarbeid med kontaktlærarar og faglærarar klart å få gjennom nokre fleire med desse tiltaka. Elevar har fått ekstra prøver og fått levere dokumentasjon på fråvær. Det har vore sett i gang ekstraundervising i nokre fag. Om hausten blir det lagt ned mykje arbeid i få elevar som får 1 i S eller E om våren til å melde seg opp til eksamen. Det blir òg gitt tilbod om ekstra undervising i nokre fag for eksamenskandidatar.

1.4 Gjennomsnittleg frávær (gjeld alt frávær som kjem på dokumentasjon)		
2015/16	timar	21,1
	dagar	12,7
2016/17	timar	14,1
	dagar	6,6

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10 (gjeld ikkje elevar som bytter skule (AS) eller begynner i arbeid (AR))	
2015/16	3,8 % (Eigne tal)
2016/17	4,7 % (Eigne tal)

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»
<p>Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?</p> <p>Det er ofte samansette årsaker til at elevar sluttar. Fleire som sluttar, har psykiske problem. Av 24 elevar som har slutta i løpet av året, er det 13 som er registrerte med «anna årsak» som sluttårsak. Det kan skuldast at dei andre kategoriane ein har å velje mellom, ikkje dekkjer det som ligg i samansette årsaker. Det er ofte fleire grunnar til at ein elev sluttar og ein kan berre velje ein årsakskategori i Extens.</p>

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18
<p><i>Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og frávær i fag og utdanningsprogram?</i></p> <p>På alle disse områdene (parametrane) har skulen hatt ei god utvikling, og særleg det siste året. Dette har jo samanheng med fráværsgrensen, men og et godt og systematisk arbeid med oppfølging av elevar. Det er naudsynt å føre dette vidare.</p> <p><i>Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?</i></p> <p>Skulen får tilsendt dokumentasjon frå avgjevarskulane. Ein har i april/mai overføringsmøte om elevar som er søkte inn særskilt. Elevtenesta har kontakt med rådgjevarane på ungdomsskulane for å sikre oppfølging av elevar. Nye elevar får tilsendt eit velkomstbrev før skulestart der ein ber om å få opplysningar om det er spesielle forhold ein bør ta omsyn til ved til dømes klasseinndeling. Det blir gjennomført startsamtale med alle Vg1-elevar og nye elevar på dei andre trinna som òg handlar om å få informasjon frå elev og føresette om forhold skulen skal vere spesielt merksam på i overgangen mellom skuleslaga. Det blir gjennomført kartleggingsprøver i matematikk, engelsk og lesprøve i norsk på Vg1.</p> <p><i>Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?</i></p> <p>Elevtenesta og rådgjevarar har ein langvarig prosess og dialog med elevar før dei sluttar. Fleire har problem av psykisk karakter og er for sjuke når dei begynner til at dei blir reelle elevar. Halvparten av elevane som slutta i inneverande år, er elevar på Service og samferdsel. Her finn ein òg elevar som har gått fleire utdanningsprogram tidelgare.</p>

Vi trur ikkje at desse elevane har slutta pga av det nye fráværsglementet. Sannsynlegvis hadde dei fleste slutta uavhengig av kva fráværsglement ein hadde hatt.

*Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?*

Halvparten av elevane som slutta, var elevar på Vg1. Det viser at det vil vere rett å prioritere tiltak særleg retta inn mot Vg1. Skulen må framleis prioritere miljøskapande arbeid og følgje opp elevar tett, både når det gjeld frávær, helse relaterte utfordringar og fagleg støtte.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

### 2.1 Utviklingstiltak: Internasjonalisering

*Kva var målet med tiltaket?*

Målet har vore, og er framleis, å auke fokuset på internasjonalisering ved Tertnes vgs. Skulen har gjennom ei årrekke hatt ulike tiltak, til dømes ekskursjonar og språkreiser til Island og Italia, men det har vore eit ønske frå skuleleiinga og kollegiet at det vert satsa på meir formaliserte opplegg. Me ønskjer at internasjonalisering skal vere ein del av profilen til skulen.

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

I tillegg til ekskursjonar og språkreiser til Island, Italia og Spania, deltek skulen i eit KA2 strategisk partnerskap som heiter MIGRANT, saman med fem andre skular i Italia, Frankrike, Hellas, Polen og Tyrkia. Det varar i to år, og tema for prosjektet er flyktningkrise og migrasjon. I løpet av perioden, reiser til saman 12 elevar til Italia, Hellas og Frankrike, i følgje med lærarar.

Skulen gjennomførte hausten 2016 eit opplegg kor elevar på Vg2 Sal, service og tryggleik drog til London og hadde tre vekers arbeidspraksis i Yrkesfagleg fordjuping. Dette vert gjenteke i 2017 og i 2018.

Det har òg vore eit internasjonalt preg på velgjerdsarbeidet til skulen, med aksjonar til inntekt for krigsramma i Syria og eit eige prosjekt for skulebygging i Uganda.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Internasjonalt fokus er etter vårt syn ein naudsynt del av utdanninga. Det kan knytast til dei fleste fag, og det gjer elevar førebudd på eit stadig meir globalisert arbeidsliv og samfunn.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Ein avdelingsleiar har eit koordineringsansvar for dei ulike aktivitetane, medan rektor har handsama søknadene som kjem inn frå lærarar som ønskjer å gjennomføre aktivitetar. Søknadane må innehalde fagleg program og budsjett, og i tillegg blir personalet gjort kjend med HFKs retningslinjer og tiltakskort.

#### 2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Ansvarleg avdelingsleiar følgjer aktivitetane tett, og rapporterer jamleg til leiargruppa. I tillegg er internasjonalisering tema i fellestida til skulen med jamne mellomrom. Her har også elevar heldt presentasjonar om internasjonale aktivitetar dei har delteke i.

#### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Vi opplever ein auka interesse for prosjekta. Det har vore eit løft for yrkesfagutdanninga at vi tilbyr praksis i utlandet for nokre elevar.

#### 2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Skulen er nøgd med at aktiviteten har auka og at vi er partnerar i finansierte ERASMUS-prosjekt. Vi ser to område vi ønskjer å forbetre: Internasjonalisering heime og synleggjering på skulen. Det gjeld både i elevgruppa og for dei tilsette.

#### 2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Vi meiner at vi har gode rutinar for gjennomføring av aktivitetar, men vil jobbe med å forbetre områda som er omtala i 2.1.3.

## 2.2 Utviklingstiltak: Læringsmiljø, elevmedverknad og elevdemokrati

*Kva var målet med tiltaket?*

**Målet med tiltaket var å stimulere til eit betre læringsmiljø gjennom elevmedverknad og eit aktivt elevråd.**

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

**Dette skuleåret har vi gjennomført klassemøte kvar 6. veke i alle klassar. Møtetida har vore timeplanfesta og saklister har blitt lagt ut på Itslearning. Kontaktlærer og tillitsvalde har hatt ansvar for gjennomføring av klassemøte. I tillegg til egne klassesaker har elevane drøfta aktuelle felles problemstillingar som t.d. fråværgrensa, resultatane på Elevundersøkelsen, måla i utviklingsplanen osv i desse møta. Klassemøta har også vore ein viktig informasjonskanal der elevrådet og leiinga har opplyst om aktivitetar som skjer på skulen. Det har vore elevrådsmøte ca 1 gong i månaden (der elevinspektør har delteke) og regelmessige styremøte. I tillegg har det vore møte mellom elevrådet og leiinga. I vinter hadde vi eit elevseminar for alle tillitsvalde saman med rektor og elevinspektør. Elevrådet har også vore på hyttetur for å bli betre kjende og arbeide med elevrådsaker.**

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

**Medverknad og innflytelse over eigen skulekvardag er viktig for motivasjonen og læringa til elevane. Skulen har dei siste åra hatt gode erfaringar med å involvere elevane i prosessar som gjeld skuleutvikling, og vi vil vidareutvikle dette arbeidet.**

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

**Elevinspektør har saman med leiinga koordinert møta mellom dei ulike nivåa.**

### 2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

**Elevinspektør følgjer opp elevrådsarbeidet og melder vidare til rektor og leiargruppa. Saker som er tatt opp i klassemøte er tema i leiarmøte og fellesmøte, på same måte som tema som har vore oppe i leiarmøte og fellesmøte blir tekne opp på klassemøte.**

### 2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

**Ja, skulen har innarbeidd rutinar for elevrådsarbeid.**

### 2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

**Skulen er på god veg, men vi har behov for eit fast årshjul der møte med leiinga blir timeplanfesta. I tillegg ønskjer vi å få betre rutinar på trekantmøte (møte mellom tillitsvalde, kontaktlærarar og avdelingsleiarar).**

### 2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

**Sjå punktet over.**

### 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

#### **3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

I fellestid og på planleggingsdagar har prioriterte tema frå utviklingsplanen stått på dagsorden. Utgangspunktet har gjerne vore resultatet frå elevundersøkinga. I fagseksjonane vert tema frå utviklingsplanen drøfta og fylgt opp med utgangspunkt i «kvar er vi og korleis går vi vidare».

**Planleggingsdag 17.8.2016 var hovudtema det nye styringsdokumentet for utviklingsarbeidet på skulane.** Utdrag frå styringsdokumentet: «Fylkesdirektør opplæring vil på grunnlag av ei heilskapleg vurdering styrke skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde. Det overordna målet står fast: **Auka læringsutbytte og fullføring.** Alvoret som er knytt til dette målet, vil bli understreka av at skuleeigar dei komande åra går tettare inn på den enkelte skule og følgjer opp resultatene. Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og eigne resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden 2016 – 2018 og grunnngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.»

Ut frå dette vart lærarane bedne om å drøfta kva me skal prioritere i utviklingsarbeidet og korleis dette kan gjerast dette skuleåret og kva som, etter ei tilstandsvurdering må vidareførast frå førre skuleåret.

**Hovudområde 3 i utviklingsplanen: «Vurdering for læring»** var t.d. tema for diskusjon i fellestid tysdag 4.10 og 25.10 :

**Fagseksjonsmøte 4.10:** Mål for arbeidet: Styrke ein god tilbakemeldingskultur. « Ein bør reflektere rundt: "Hvordan blir tilbakemeldingsinformasjon gitt til elever, hvilken informasjon inneholder tilbakemeldinger, og hvordan blir elever aktivisert i tilbakemeldingsinteraksjoner og egenvurderinger som er rettet mot en faglig utvikling, og som kan styrke deres læring og selvregulering?" (Kjelde:Siv M. Gamlem: Tilbakemelding for læring og utvikling, Gyl. 2015) Fagseksjonane bør diskutere og kome fram til gode og relevante spørsmål som kan stillast til elevane for å få dei til å tenkje over undervisning og eige arbeid. På grunnlag av dette utviklar ein ei kort undersøking som gjev nyttige tilbakemeldingar frå elevane om korleis dei vurderer oppfylgning frå læraren, og korleis dei vurderer sitt eige arbeid i faget.»

**Vidare arbeid i fagseksjonsmøte 25.10** var lagt opp slik: «Tema: Korleis få gode attendemeldingar frå elevane på kva nytte dei har av undervisning og vurdering. Drøft korleis ei digital undersøking kan vera ei god attendemelding til lærarane og evt. ei førebuing til munnleg samtale. Sjå døme i mappa [vurdering for læring](#) i faget IKT og pedagogikk. Alle bør **ein gong etter haustferien** gjennomføre ei slik undersøking i itslearning i faga. **Dette kan gjerast i samband med avslutta emne, gjennomføring av vurdering (t.d. før eller etter ein prøve) o.l i faget.** Døme på slike undersøkingar finn ein i fagetTEV-IKT og pedagogikk i mappa [eigenvurdering](#). Undersøkinga bør ikkje vere anonym.»

**Hovudområde 1 i utviklingsplanen «Auka læringsutbytte og gjennomføring:** Eit viktig tema har vore å identifisere og følgje elevane tett opp dersom dei står i fare for å ikkje fullføra. Dette har vore gjort gjennom fagleg tilrettelegging og systematisk samarbeid med elev, føresette, skuleleiing og elevtenesta. T.d. har dette vore eit prioritert arbeid i framandspråkseksjonen. Kvar enkelt elev vert vurdert og det vert sett opp ei oversikt over tiltak som skal

<p>gjennomførast. Dette vert fylgt opp med ei tilstandsvurdering etter 1.termin og mot slutten av andre termin. Ei tilstandsvurdering i fagseksjonen konkluderer med at dette arbeidet no bør lyftast ut av utviklingsplanen, og at det må utarbeidast rutinar for å sikre at dette arbeidet vert vidareført.</p>
<p><b>3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?</b>          Det er lagt vekt på arbeid i grupper og fagseksjonar, og dette har vore prioritert i fellestida. Som pedagogisk ansvarlege har leiinga delteke aktivt i drøftingane i gruppediskusjonar og fagseksjonsarbeid for å sikre at arbeidet vert vidareført i samsvar med dei konklusjonane som vert dregne i utviklingsarbeidet.</p> <p>Sjå elles 3.1</p>
<p><b>3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?</b></p> <p>Sjå punkt 3.1 som gjev døme på korleis det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet.</p>
<p><b>3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?</b>          Jamlege klassemøte er vorte ein viktig del av dette arbeidet. Dette er eit viktig punkt i årets utviklingsplan under <b>hovudområde 2 «Læringsmiljø, elevmedverknad og elevdemokrati»</b>          Sjå elles 3.1 ovanfor – og punkt 2. evaluering av skulen sine prioriterte tiltak der me gjer greie for arbeidet med elevdemokrati og elevmedverknad.</p>
<p><b>3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?</b>          Fyrste halvdel av skuleåret 16\17 vart det fokusert mykje på å arbeide med hovudmåla i utviklingsplanen og å reflektere over kvar vi er og korleis vi går vidare. I andre halvdel av skuleåret gjekk me inn i ein turbulent periode med utbygging av skulen som også krev mykje tid og energi frå skulen si side. Desse utfordringane vert endå meir krevjande i skuleåret som kjem.</p>
<p><b>3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.</b>          Utviklingsarbeidet på Tertnes vgs. er godt forankra i styringsdokumentet. Hovudområda i utviklingsplanen er kopla til viktige punkt i styringsdokumentet.</p>

## 4 Ope felt – valfritt

*Neste skuleår vil by på utfordringar som vil stå sentralt i vidare utviklingsarbeid. Då skal det pedagogiske personalet på Tertnes vgs. og U. Pihl vgs. sameinast fram mot skulestart hausten 2018. Det er viktig å få til ein god prosess her for at me skal lukkast med eit vellukka samarbeid frå hausten 2018, også innafor det pedagogiske utviklingsarbeidet.*

*Arbeidet byrja dette skuleåret med felles planleggingsdag 5. mai for Tertnes vgs. og U. Pihl vgs. Denne dagen var ei positiv oppleving. Referata frå møte i fagseksjonane syner stor vilje til, og ynskje om, å få til eit godt samarbeid mellom skulane neste skuleår fram mot samanslåinga hausten 2018. Dette må me byggja vidare på i planleggingsarbeidet for neste skuleår.*

*Dette gjeld ikkje berre pedagogisk personale. Difor **vert hovudområde 4 i årets utviklingsplan «Dialog og samarbeid i personalet» med hovudmål «Fremje samarbeid og dialog på alle nivå i organisasjonen»** desto viktigare neste skuleår, og vil få ein sentral plass i utviklingsplanen.*

